



## Referat

### Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

**Møte:** 2 - 2019  
**Dato/tid:** 22. mars kl. 12.30 – 13.30  
**Til stades:** Helga Ellingsen, Ingebjørg Søreide, Ove Sæbø, Monika Kvamme, Nina Kvamme, Helge Kvam og Anne Hildegunn Færøy  
**Møteleiar:** Helga Ellingsen  
**Referent:** Anne Hildegunn Færøy

#### Saksliste:

Saksnr	Saker	Vedlegg
09/19	<b>Godkjenning av saksliste og referat frå møte 1-2019, 6.februar</b> Godkjent utan merknader	
10/19	<b>Velferdsteknologiprojektet</b> Utpeiking av representant til prosjektgruppe i Vestlandsprosjektet Det er semje om at kommunane i Nordhordland skal vere representert med ein fast og ein vara. <b>Vedtak:</b> - Ove Sæbø, fast - Nina Kvamme, vara Helga melder dette til prosjektleiar	
11/19	<b>Prosjekt – rekruttering av psykologar til kommunane</b> Tonje Husum Aarland presenterte projektskisse med tittelen <b>Psykologkompetanse til kommunane: modell for å rekruttere og behalde</b> . PP vist i møte er lagt ved referatet. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i NH og Helse Bergen. Det er sett ned ei arbeidsgruppe for forprosjektet, samansett av ressursar frå kommunar og spes.helsetenesta. Projektskisse med forslag til organisering av forprosjekt og mandat til arbeidsgruppa vart presentert og gjennomgått. I forslaget til samansetting: <b>Styringsgruppa:</b> Kommunalsjefsgruppa for helse- og omsorg i Nordhordland + 1-2 representantar frå Helse Begen HF, psykisk divisjon og 1 brukarrepresentant. Kommunalsjefgruppa hadde innspel til samansettinga og meinat at brukarrepresentant ikkje skal delta i styringsgruppa i forprosjektet. Det skal vurderast brukarmedverknad dersom det blir etablert eit hovudprosjekt med utprøving av modell. <b>Arbeidsgruppa:</b> Representantar frå Norsk Psykologforeining, Fagråd for psykisk helse og rus Nordhordland, Helse Bergen HF (Barne-, unge- og vaksenpsykiatrien), Fagrådet for kommuneoverlegar, og Region Nordhordland (koordinerande rolle). Kommunalsjefgruppa hadde ikkje merknader til samansetting av arbeidsgruppa.  Det vart føreslått at prosjektet bør ta kontakt med UiB v/psykologisk fakultet for å ha dialog rundt utdanningsløp for psykologar. Dette blir vurdert og eventuelt fylgt opp av arbeidsgruppa. Første møte i styringsgruppa er planlagt 20.mai. Det vil då bli lagt fram ei løypemelding frå arbeidsgruppa.	 22.03.2019 Presentasjon komm

	<b>Vedtak:</b> Kommunalsjefgruppa sluttar seg til organisering av forprosjektet slik det er presentert, og vil saman med representantar frå Helse Bergen vere styringsgruppe. Kommunalsjefgruppa godkjenner arbeidsgruppas mandat.	
12/19	<b>Møteplan 2019</b> Møteplan revidert og godkjent	 MØTEPLAN 2019.docx